

---

**Fra:** Planavdelingen Lindås  
**Sendt:** torsdag 4. oktober 2018 13:11  
**Til:** Knut Bjørnevoll  
**Emne:** SV: 18/26365 Oversender søknad om dispensasjon for standplassbygg til uttale - gbnr 104/60 Haukås (Lindås)

Hei,

Liten korreksjon i svarteksten (har fjerna siste setning):

Hei,

Det blir søkt om dispensasjon frå det generelle plankravet i reguleringsplanen og byggegrensa mot FV 57 for oppføring av nytt standsbygg på 278m<sup>2</sup>. Eksisterande bygg på 99m<sup>2</sup> skal rivast.

Standsbygg er i tråd med arealføremål idrettsanlegg – skytebane i Kommuneplanen sin arealdel 2011-2023. Nytt og større bygg vil redusere støy frå skytebana til kringliggande busetnad i området. Planavdelinga vurderer på denne bakgrunnen at riving av eksisterande standsbygg og oppføring av nytt, ikkje vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og vil tilrå dispensasjon frå det generelle plankravet jf. Plb § 12-1, tredje ledd.

Planavdelinga viser til Statens vegvesen sin uttale i tilhøve byggegrensa til FV 57. Dispensasjon frå byggegrensa på 50 meter frå vegmidte til FV 57 til 46 meter, vurderast å ikkje vere i vesentleg strid med byggegrensa jf. Pbl § 19-2, andre ledd.

Med venleg helsing,

**Kaia Marie Amland** | Planleggjar/ rådgjevar

**E-post:** [kaia.marie.amland@lindas.kommune.no](mailto:kaia.marie.amland@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 56 30  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Planavdelingen Lindås  
**Sendt:** onsdag 3. oktober 2018 14:40  
**Til:** Knut Bjørnevoll  
**Emne:** SV: 18/26365 Oversender søknad om dispensasjon for standplassbygg til uttale - gbnr 104/60 Haukås (Lindås)

Hei,

Det blir søkt om dispensasjon frå det generelle plankravet i reguleringsplanen og byggegrensa mot FV 57 for oppføring av nytt standsbygg på 278m<sup>2</sup>. Eksisterande bygg på 99m<sup>2</sup> skal rivast.

Standatsbygg er i tråd med arealføremål idrettsanlegg – skytebane i Kommuneplanen sin arealdel 2011-2023. Nytt og større bygg vil redusere støy frå skytebana til kringliggende busetnad i området. Planavdelinga vurderer på denne bakgrunnen at riving av eksisterande standsbygg og oppføring av nytt, ikkje vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, og vil tilrå dispensasjon frå det generelle plankravet jf. Plb § 12-1, tredje ledd.

Planavdelinga viser til ansvarleg vegmynde, Statens vegvesen sin uttale i tilhøve byggegrensa til FV 57. Dispensasjon frå byggegrensa på 50 meter frå vegmidte til FV 57 til 46 meter, vurderast å ikkje vere i vesentleg strid med byggegrensa jf. Pbl § 19-2, andre ledd.

Fordelane ved dispensasjonen vurderast samla sett å vere større enn ulempene jf. Pbl § 19-2, andre ledd.

Med venleg helsing,

**Kaia Marie Amland** | Planleggjar/ rådgjevar

E-post: [kaia.marie.amland@lindas.kommune.no](mailto:kaia.marie.amland@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 56 30

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Knut Bjørnevoll

**Sendt:** onsdag 29. august 2018 12:25

**Til:** Plan Avdelingen

**Emne:** 18/26365 Oversender søknad om dispensasjon for standplassbygg til uttale - gbnr 104/60  
Haukås (Lindås)

Sjå vedlegg